



**Nasjonalparkstyret
for Reinheimen**

Postadresse
Postboks 987
2604 LILLEHAMMER

Besøksadresse
Norsk Fjellsenter,
Brubakken 2, 2686 Lom
Norsk Tindesenter
Havnegata 2, 6300 Åndalsnes

Kontakt
Sentralbord: +47 61 26 60 00
Direkte: +47 61 26 62 05
sfinpost@statsforvalteren.no
<http://www.nasjonalparkstyre.no/reinheimen>

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandler Mari Melbø Rødstøl

Vår ref. 2026/6388-3 561

Dykkar ref.

Dato 15.06.2026

Vedtak Høyringsinnspel - Fjord - Fetegga pumpestasjon - Tafjordvassdraget - Tafjord Kraftproduksjon AS

I styremøte for Reinheimen Nasjonalpark 11.06.2026 vart følgjande samrøystes vedteke:

Vedtak:

Med heimel i § 49 i naturmangfaldlova vil Nasjonalparkstyret for Reinheimen kome med følgjande innspel til søknad om Fetegga pumpestasjon som ligg i Reinheimen – Breheimen villreinområde:

Innspel:

Nasjonalparkstyret for Reinheimen ber NVE vurdere om opplysningane i søknaden med vedlegg frå Tafjord Kraft AS er tilstrekkelege når det gjeld påverknad på villrein.

Villrein har ein svært godt utvikla luktesans og kan oppdage menneske og forstyrningar på fleire kilometers avstand, ofte opptil 2–3 km under gunstige vêr- og vindforhold. Anlegget ligg, jf. Naturbase, i område definert som sommar- og haustbeite for villrein, og berre om lag 1 km sør for planlagt anlegg går grensa for kalvingsområde.

I søknaden til Tafjord Kraft står det at *Villreinstammen i Reinheimen er robust, har aner tilbake til tamreindrift som vart avvikla på -60 talet og kan opptre ganske nær folk*, og så vises det til eit bilete av reinsbukkar på leiting etter friskt vårbeite ved kraftstasjon Tafjord 7, under bygging, i juni 2007. I følgje sekretær for Reinheimen – Breheimen villreinutval og Statens naturoppsyn i Reinheimen, er villreinen i dag ein god del meir sky enn den var i 2007. Det er dessutan ein kjent sak at bukkane (særlig om våren) kan oppfattes som mindre sky og skvetne enn simlane. Dei siste åra har villreinen i større del tatt i bruk dei nordvestlege område i villreinområdet. Med tanke på klimaendringar kan dette området bli meir verdifullt for villrein i framtida.

Styret meiner at konsekvensutgreiinga frå Rådgivende Biologer AS (2018) legg til grunn eit for avgrensa influensområde for villrein. Vurderingane tek i for liten grad omsyn til indirekte effektar som forstyrring, arealunngåing og endra arealbruk.

Nasjonalparkstyret ønskjer å minne om dei nasjonale måla for villreinforvaltninga, der ein legg opp til ei heilskapleg og restriktiv arealforvaltning i villrein fjellet. Dette inneber ein høg terskel for nye inngrep i villreinens leveområde, jf. Innst. 374 S (2023–2024), Meld. St. 18 (2023–2024) og kvalitetsnorma for villrein (forskrift 23. juni 2020 nr. 1298).



Styret oppfordrar NVE til å leggje vekt på både direkte og indirekte effektar av tiltaket, samt den samla belastninga på villreinområdet i si vurdering.

Med helsing

Mari Melbø Rødstøl
nasjonalparkforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift

Vedlegg:

1 Saksframlegg med vedtak

Kopi til:

Fjord kommune	Postboks 144	6211	VALLDAL
Skjåk kommune	Moavegen 30	2690	SKJÅK
Reinheimen-Breheimen villreinutval	Industrivegen 10	2690	SKJÅK
Reinheimen - Breheimen villreinnemnd			
Breheimen nasjonalparkstyre	Postboks 987	2604	LILLEHAMMER
Geiranger - Herdalen LVO			